

Må søkja om dispensasjon

29.06.2011

**Kommunen har no svara Riss Landskap på førespurnaden om avkøyrslø frå bustadhus inntil fylkesvegen sentralt i Uskedalen.
Det vart lansert to alternativ. Olga Helene Arnesen skal byggja.**

Alternativ 1 krev løyve frå Statens vegvesen til å opparbeide ny avkøyrslø og det lyt søkjast om dispensasjon frå byggjegransa.

Alternativ 2 krev mest truleg at eksisterande avkøyrslø vert utbetra i tråd med vegvesnet sine krav. Også her krevst det dispensasjon frå byggjegransa.

Vegvesenet har tidlegare kome med uttale til same avkøyrslø. Søkjaren blir no beden om å drøfta alternativa med vegvesenet.

Kommunen slår fast at tilkomst er den største utfordringa når det gjeld byggjing på desse eigedomane.